

## **REFERAT FRÅ FAU-MØTE BARNETRINNET SAND SKULE TYS DAG 13. SEPTEMBER 2016**

**Desse møtte:** Tor Bjarne Smedsrud, Siri Helstrup, Odd Arne Strand, Øyvind Berge, Linda Dahle, Morten Aarhus, Konrad Jårvik, Laila Vikse, Nina Brekke Nevøy, Anders Tysseland, Torborg Fossan Steine og Svein Carlos Gjil.

**Desse møtte ikkje:** Alf Rune Håranes og Britt Elin Håranes

### **Sak 1: Skuletransport til og frå Berge/Falkhaug**

Saka har gått vidare til fylkesmannen. Kommunen er bedt om å utgreia enkelte punkt. Saka er ikkje ferdigstilt. FAU avventer inntil vedtak er fatta. Dersom negativt utfall, ser FAU det som ein mulighet å gå politisk veg. Det kan vera aktuelt å nemne borns evne til å lese trafikkbildet som ei utfordring opp til 5 klasse. Det må spesifiserast grenser (t.d ved brua). Det må vera store nok bussar slik at det er plass til dei som ønskjer å betale for skuleskyss. Andre alternativ er utbetring av skuleveg eller nedsett fartsgrense. Vegen inn til Hiim blir også nevnt. Melde denne vegen inn til "Trafikksikker plan".

### **Sak 2: Fagarbeidarar som kontaktlærarar i 5 og 6 trinn.**

FAU stiller seg spørjande til at det er tilsett to fagarbeidarar i staden for to lærarar som kontaktlærar i to klassetrinn på skulen. Svein Carlos uttrykker at dette ikkje er ønskjeleg og at det er ei midlertidig løysing. Begge stillingane er vikariat der det eine går ut til jul og det andre til sommaren. FAU ønskjer å forlenge/behalde 1,5 "ekstrastilling". Linda skriv brev til levekår med henstilling på at det vert gjort vedtak på at skulen får behalda ekstraressursar.

### **Sak 3: Minibankkort**

FAU ønskjer seg eit bankkort til innkjøp. Linda tek kontakt med Anne Brith Mikkelsen for å høyre om dette let seg gjera. Siri som er ny kasserar må og bli oppretta som disponent på FAU sin konto.

### **Ymse:**

#### **Klassetur i 10 klasse vs skulens ressursar**

FAU ønskjer skulestyrte turar. Om ikkje det vert gjeve friske midlar til å dekkja 10.klasseturen, er fleire turar i barneskulen å foretrekke framfor kun ein kostbar tur i 10 klasse. Billegare alternativ kan vere vel så minnerike og kjekke, og turar i tidlegare klassetrinn kan virka positivt inn på klassemiljøet, som igjen pregar skulegongen vidare på ein god måte. Linda skriv brev til Levekår med henstilling om gjeving av friske midlar til 10.klassetur.

#### **Luseproblema på skulen**

Stadig tilbakevendande problem. Tiltak: sende ut skriv til heile skulen samtidig, med lapp for signering ift gjennomført lusesjekk for heile familien. Handle inn lusekammar og sende med i infoskrivet. Torborg høyrer med helsestasjonen om det finnes midlar til å dekke utgiftene til at kvar familie får ein lusekam. Siri høyrer med apoteket og kvantumsrabatt på lusekammar. Borna bør bruke beskyttelseshetter under skulen sine hjelmar.

### **Informasjon frå Svein Carlos :**

Fin start på skuleåret.

Fint å ha sosiallærer på plass.

Oppretta gruppe med rektor, sosiallærer og helsesøstre.

Trivselsleiarprogrammet fungerer fint.

Trine slutter som inspektør.

Datautfordringar den siste tida.

Skulen ønskjer seg nye digitale tavler.

Nok klasserom på det noverande tidspunkt. Blir ei utfordring seinare pga stigande elevtal.

Viste film frå FAU i Kampen bydel i Stavanger til inspirasjon.

Neste møte blir 18. oktober.

Referent:

Torborg Fossan Steine